

Sogndal kommune
Postboks 153

6851 SOGNDAL

Nordfjordeid 16.april 2021

INVITASJON TIL Å TEIKNE AKSJAR I NORDFJORDBRUA – TEIKNINGSFRIST 20.JUNI 2021

Viser til tidlegare presentasjon av Nordfjordbrua for Sogndal kommune og inviterer med dette Sogndal kommune til å teikne aksjar i Nordfjordbrua.

Som nemnd i møtet meiner vi det er svært viktig at vi samlar oss bak Samferdsleprosjekta i regionen.

Nordfjordbrua er prioritert som ferjeavløysingsprosjekt på riksvegnettet i Nordfjord og Nordfjordrådet har slutta seg til dette.

Fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune deltok nyleg saman med Stad og Gloppen kommune og Nordfjordbrua i møte med politisk leiing i Samferdsledepartementet.

Fylkesordføraren understreka i dette møtet at Vestland fylkeskommune ser på heile regionen Nordfjord og Søre Sunnmøre som ein felles bo og arbeidsmarknadsregion, Regionen er saman med Sunnhordaland og Haugalandet i Rogaland den største bo og arbeidsregionen i Vestland fylkeskommune utanom Bergen.

Ei kopling mellom Nordfjordbrua og Sogn gjennom RV 5/52 og Sunnfjord gjennom E39 er svært viktig for framtidig utvikling i fylket .

Gamle feidar og kranclar der dei ulike prosjektet blir sett opp mot kvarandre må vi leggje ned. Nordfjordbrua må finansierast og stå på egne bein og finansierast gjennom brukarbetaling og ferjeavløysingstilskott.

Vi planlegg no å setje i gang oppdatering av Kommunedelplanar og planlegging og for å tilpasse desse til tilrådd konsept. Tilrådd konsept som styret i Nordfjordbrua har slutta seg til er ei flytebruløysing utarbeidd av Dr. Tech Olav Olsen i samarbeid med Prodtex og Norconsult.

Løysinga som er vald kan bane veg for ny industri i regionen.

I samband med vidare arbeidet har styret fullmakt til å gjennomføre ein emisjon .

Med bakgrunn i denne fullmakta inviterer vi Sogndal kommune til å teikne aksjar i Nordfjordbrua .

Med venleg helsing
Nordfjordbrua AS

Jan Olav Tryggestad
91160299

Vedlegg: Pressemelding - presentasjonar og konseptvalutgreing .

PRESSEMELDING FOR NORDFJORDBRUA - FERJEAVLØYSING ANDA – LOTE

Nordfjordbrua har utarbeidd forslag til konsept / bruløysing og gjennomført Konseptvalutgreiing (KVU) for skipstrafikk i samarbeid med Kystverket.

Nordfjordbrua har no oppdatert tidlegare forslag til konsept / bruløysing og gjennomført KVU for skipstrafikk som viser korleis større skip kan passere gjennom farleia.

Styret i selskapet har slutta seg til og tilrådd forslag til konsept / bruløysing med skipskanal gjennom Andaneset.

Som ein konsekvens av dette valet set ein no i gang oppdatering av kommunedelplanane for området.

Konseptet er presentert for politisk leiing i Samferdsledepartementet, Statens Vegvesen , Vestland fylkeskommune og Stad og Gloppen kommune

I møte med Samferdsledepartementet og oppfølgjande brev har ein bedt om stadfesting på at ferjesambandet Anda Lote kjem innunder gjeldande ordning for ferjeavløysing på riksvegnettet. Samstundes treng vi å få avklart kor stort ferjeavløysingstilskot ein kan rekne med. Vi har også peika på behovet for klare retningslinjer for ferjeavløysing på riksvegnettet tilsvarande det ein har på fylkesvegnettet.

Arbeidet vidare

Parallelt med oppdatering av kommunedelplanane vil vi starte arbeid med dokumentasjon av økonomi og berekraft. Vi treng sterke politiske og næringsmessige alliansar som vil støtte opp om prosjektet. Finansiering av vidare arbeid inneber og behov for tilføring av meir kapital til selskapet.

Industriutvikling

Brukonseptet er basert på produksjon av modular med automatisert lasersveis og vil vere revolusjonerande for industriell framstilling av bruer. Produksjonen vil kunne skje regionalt og kan skape ny industri med nasjonalt og internasjonalt potensiale.

For ytterlegare informasjon :

Kontakt:

Dagleg leiar Jan Olav Tryggestad – mobil 91160299

Styreleiar Harald Kjelstad – mobil 90835192

- Film ettet gjennomført KVU for skipstrafikk i samarbeid med Kystverket (Dr. Tech. Olav Olsen).<https://vimeo.com/480792317>